



# HaNo—Nytt oktober 2010

Nr 4 2010

*Utgjevar: Styret*

## Hektisk, men spennande haust

Fotballsesongen 2010 går mot slutten, og det har vore hektiske dagar for mange. Vi vil nytte høvet til å takke alle som har hatt verv i HaNo for innsatsen!

Det har også vore tett mellom dugnadane. Det kan vere hektisk når det står på, men heilt avgjerande for at vi skal kunne halde oppe aktiviteten. Med svært få unntak, har alle vore positive og stilt opp når dei har vorte spurta. Særleg er det HaNodagane og vasking av

båt i Søvika som har vore store løft. I tillegg så har mange lagt ned mange timer i arbeidet med Nordøyhallen.

Frivillig innsats er med på å gjøre øyane våre til ein betre stad og bu!  
Viktig å hugse på det!:-)

### Ekstra årsmøte

Styret vil gjerne ha flytta HaNo sitt ordinære årsmøte frå januar til november. Dette for å tilpasse seg betre

## Nordøyhallen—status

I skrivande stund er det Longva Maskin som jobbar med halltomta. Vi har lagt ned nærmere 700 dugnadstimer for å få på plass fundamentet. No er det drenering og planering det vert jobba med.

Takstolane til garderobe/lagertilbygget er allereie på plass. No ventar vi på at O B Wiik skal kome med hallen. Dataen er ikkje klar, men vi reknar med at den ikkje er mange vekene unna.



56 ulike personar har lagt ned nærmere 700 timer dugnad. Her frå ein av dugnadene. (Foto: Kenneth Ulla)

fotballsesongen. For å få til dette, må vi ha ekstraordinært årsmøte for å få endra HaNo sine lover. Dette årsmøtet vert på Nordøy Grendahus søndag 10.10 ca kl 15.30 (rett etter basaren)

### HaNo—fest

Søndag 24. oktober kl 16.00 vert det HaNo—fest på Nordøy Grendahus. Vi håper at alle spelarar, tillitsvalgte, foreldre, søsken, besteforeldre, publikum og alle andre som har lyst, tek turen til Grendahuset denne søndagen!



Nokre av dei mange som var med på båtvask ved STX i Søvika (Foto: Kenneth Ulla)

Det vil ta ca ei veke å få opp stålkonstruksjonen. Deretter vil det gå ca 1 månad før hallen står ferdig montert. Då skal vi bygge tilbygg på dugnad. Så det vert meir å gjøre framover, men det gler vi oss til!!

Alle som vil hjelpe til er velkomne. Vi har det ganske kjekt:-)

**Meir om basaren**